



# **KUNNSKAPSLØFTET**

## **PLAN FOR KOMPETANSEUTVIKLING**

### **INNAN SKULESEKTOREN**

#### **I**

### **SELJORD KOMMUNE 2005-2008**

### **TILTAKSPLAN 2008/2009**

Vedtatt i Seljord kommunestyre 16. juni 2005, sist rullert 12. juni 2008.

## Bakgrunn

Med utgangspunkt i St.meld. nr. 30 (2003-2004) *Kultur for læring*, fatta Stortinget 17. juni 2004 vedtak om ei omfattande reform av heile grunnopplæringa. Reforma har fått namnet *Kunnskapsløftet*.

Kunnskapsløftet føreset at det skal utviklast nye læreplanar i alle fag i grunnopplæringa. Læreplanane skal byggje på eit sett med sentrale *grunnprinsipp*, leggje vekt på *5 grunnleggjande ferdigheter* og ha *Læringsplakaten* som eit forpliktande grunnlag for opplæringa.

Ramma for fag- og timefordelinga vert fastsett gjennom eit nasjonalt minstetimetall. For å kunne få ei betre tilpassa opplæring, vert det opna for lokal fridom til å disponere inntil 25% av timane i det enkelte fag. Det blir vidare lagt opp til utvida timetal i grunnskulen.

2. *framandspråk* skal innførast som eit obligatorisk, praktisk fag på ungdomstrinnet. Den nye fag- og timefordelinga fastset timar til *programfag til val* på ungdomstrinnet. *Teknologi og design* vert innført som eit tverrfagleg emne, og det vert opna for forsøk med *filosofi* som fag. Det skal leggjast til rette for auka *fysisk aktivitet* og fokus mot *ernæring og kosthald*. Det vil i tillegg bli utvida timetal i fag som *matematikk, naturfag, engelsk* og *kroppspøving*. Gjeldande fagområde som *frie aktivitetar* på barnetrinnet, *tilvalsfag* på ungdomstrinnet og *skulen og eleven sitt val*, går ut.

Dei nye læreplanane vert innførde opplæringsåret 2006-2007 for 1.- 9. trinn og 2007-2008 for 10. trinn. Det kan søkjast om å starta opp med nye læreplanar alt frå opplæringsåret 2005-2006.

Stortinget føreset ei omfattande kompetanseutvikling som grunnlag for gjennomføring av reforma, basert på ein overordna kompetanseutviklingsstrategi. Det er lova betydelege sentrale midlar til kompetanseutviklinga, det er sagt 2-3 milliardar i fireårsperioden 2005-2008.

## Sentral strategi for kompetanseutvikling

Med utgangspunkt i Stortinget sitt vedtak "*om å investere i et betydelig kompetanseløft*", vart det utvikla ein strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005-2008, *Kompetanse for utvikling*". Strategien vart utvikla i samarbeid mellom departementet, KS og utdanningsorganisasjonane.

Hovudgrunnlaget for strategien er i finne i Kyrkje- utdannings- og forskingskomiteen si understreking om at "*skoleeier skal utforme lokale planer for kompetanseutvikling i kommunene og fylkeskommunene. Slike planer legges til grunn for utforming av nasjonale tiltak. Skoleeier skal prioritere og vedta kompetanseutviklingstiltakene*".

Kompetanseutviklingsstrategien fastslår ansvars- og oppgåvefordeling. Den skisserer vidare målgrupper og område for kompetanseutviklinga.

## **Ansvar og oppgåvefordeling**

### **Skuleeigar har ansvar for kompetanseutviklinga.**

#### **Skuleeigar skal:**

- Sørge for at den enkelte skule gjennomfører ei kompetansekartlegging.
- Utvikle, vedta og gjennomføre planar for kompetanseutvikling.
- Sørge for medinnverknad og medråderett i prosessen.
- Medverke til finansieringa av kompetanseutviklingstiltak knytt til innføring av reforma.
- Søkje fagleg støtte frå ulike fagmiljø etter behov.
- Rapportere til fylkesmannen om gjennomføringa og bruk av ressursar.

#### **Fylkesmannen sine oppgåver:**

- Rettleie kommunane med kompetansekartlegging og planutvikling etter behov.
- Stimulere til samarbeid mellom skuleeigarar og mellom skuleeigarar og fagmiljø.
- Føre tilsyn med at skuleeigarane tar på seg ansvaret sitt.
- Fordele ressursar til skuleeigarar etter objektive kriterie.

#### **Universitet og høgskuler sine oppgåver er m.a.:**

- Tilby ei relevant grunnutdanning som motiverer lærarar til livslang læring.
- Sørge for at eige fagpersonale har nødvendig fagleg kompetanse og innsikt i reforma.
- Utvikle relevante og praksisnære kompetanseutviklingstilbod i samråd med kommunane.

I tillegg er det nedfelt oppgåver for Utdanningsdirektorat og Departement som i mindre grad påverkar det lokale arbeidet.

## **Målgrupper**

Målgruppene for kompetanseutviklingsstrategien i grunnskulen er primært:

- Leiinga på skulenivå.
- Lærarar.

I tillegg vil personalet i PP-tenesta, assistentar og anna personale kunne vere aktuelle målgrupper.

## **Område for kompetanseutvikling**

Det er ein gjennomgåande føresetnad i strategien, at den kompetanseutvikling det her dreier seg om , og som staten yter øyremerkt tilskot til, skal vere reformrelatert kompetanseutvikling.

I tillegg til uformell læring, som dagleg skjer i alle organisasjonar, omhandlar strategien *etterutdanning* og kompetansejevande *vidareutdanning*.

### **Prioriterte område for etterutdanning:**

- Skuleleiing.
- Tilpassa opplæring.
- Nye læreplanar.
- 2. framandspråk.
- Fysisk aktivitet.
- Utdannings- og yrkesrådgjeving.

### **Prioriterte område for vidareutdanning:**

- Skuleleiing.
- 2. framandspråk.
- Matematikk.
- Naturfag.
- Engelsk.
- Norsk.

## **Kompetansekartlegging**

I samsvar med premissane i kompetansestrategien er det gjennomført ei kompetansekartlegging der skulane vurderer kva for kompetansekartleggingstiltak som bør prioriterast. Resultatet av kartlegginga med omsyn til område der det er behov for kompetanseutvikling, er gjengitt i oppsette nedanfor. Behova omfattar også område som ikkje er reformrelaterede, og som difor går ut over strategien.

### **Seljord ungdomsskule.**

#### Etterutdanning/utviklingsarbeid:

- Arbeid med nye læreplanar.
- Vidareutvikling av Tilpassa opplæring, mappevurdering m.v.
- Bruk av IKT i undervisninga.
- Skuleleiing, skuleutvikling.
- Utdannings- og yrkesretteiing.
- Utvikling av programfag.
- IKT, utvikling og tilrettelegging.
- Spesialundervisning, særskilt tilrettelegging.

#### Vidareutdanning:

- 2. framandspråk
- Matematikk.
- Engelsk.
- Norsk.

## **Seljord barneskule.**

### Etterutdanning:

- Bruk av digitale verktøy – IKT – i ulike samanhengar.
- Kunst og handverk.
- Naturfag.
- Matematikk.
- Musikk.

### Vidareutdanning:

- Informasjonsteknologi.
- Kunst og handverk.
- Norsk.
- Engelsk.
- Naturfag.
- Matematikk.
- 2. framandspråk.

## **Flatdal skule.**

### Etterutdanning:

- Nye læreplanar.
- Fysisk aktivitet.
- Tilpassa opplæring.

### Vidareutdanning:

- Naturfag.
- Matematikk.
- Engelsk
- Norsk.

## **Åmotsdal skule.**

### Etterutdanning:

- Matematikk.
- Dataundervisning.
- Norsk.
- Kroppsøving.
- Naturfag.

## **Sentrale føresetnader for deltaking i kompetanseutviklinga.**

Å delta i kompetanseutvikling i samband med Kunnskapsløftet, er ein prioritert og obligatorisk del av den enkelte lærar og skuleleiar sin arbeidsinnsats.

Deltaking i etterutdanning og utviklingsarbeid er obligatorisk for alle. Omfanget bør gå fram av den enkelte sin arbeidsplan. Tilsette i deltidsstillingar bør få forholdsmessig reduksjon. Tidsbruken vil gå av den bundne tida og den 39. veka. I tillegg vil det kunne kome tid frigitt frå undervisningsplikta.

Ved deltaking i etterutdanning skal normalt alle utgifter bli dekte av arbeidsgjevar.

Deltaking i vidareutdanning bør til vanleg skje på friviljug basis.

Ved deltaking i vidareutdanning vert det gitt følgjande former for økonomisk stønad.

- Fritak frå undervisning for å delta i utdanninga.
- Inntil 25% løn ved studiepermisjon.
- Stipend inntil 1.000,- kr pr. studiepoeng.
- Dekning av studie- og eksamensavgifter.
- Innkjøp av litteratur som blir skulen sin eigedom.

Samla kompensasjon kan ikkje overstige 20% av ordinær årsløn.

Tilsette som får økonomisk stønad til vidareutdanning, kan bli tilplikta ei bindingstid i høve til storleiken på den økonomiske støtta. Dersom bindingstida ikkje blir oppfylt, må arbeidstakaren betale tilbake ein forholdsmessig del av stønaden.

## **Økonomi**

Som sagt innleiingsvis, så har Stortinget gitt tilsegn om betydelege midlar til den kompetanseutvikling som blir sett på som ein viktig føresetnad for å realisere *Kunnskapsløftet*. Det er i det sentrale strategidokumentet i tillegg lagt inn som eit krav til kommunane ”å medverke til finansieringa av kompetanseutvikling knytt til innføringa av reforma”.

I den framlagde planen for kompetanseutvikling i Seljord kommune 2005-2008 knytt til *Kunnskapsløftet*, er hovudfordelinga av kostnadane knytt til at Seljord kommune ber personalkostnadane, medan dei statlege midlane dekkar opp andre utgifter.

Kostnadane og fordeling på personalkostnader og andre kostnader knytt til kompetanseutviklinga, vil gå fram av tiltaksplanane for det enkelte skuleår.

## **Samarbeid om gjennomføringa**

Gjennomføring av kompetanseutviklinga knytt til reform av grunnopplæringa, er eit stort og omfattande løft for den enkelte kommune.

På ein del område er det difor både fornuftig og nærast ein føresetnad, at det blir lagt opp til eit samarbeid ut over kommunegrensene.

Det er i den samanhengen etablert ei samordningsgruppe i regi av KS, som dekkar heile Telemark, og det er lagt opp til eit samarbeid i Vest-Telemark i regi av Vest-Telemark skulesjeflag.

I tiltaksplanane for kvart enkelt år vil det gå fram kva for tiltak som blir gjennomførde som samarbeidsprosjekt, og kven som vil vere reint kommunale.

## **Rullering**

I den sentrale strategien er det lagt inn som ein føresetnad for utbetaling av statlege tilskot, at det er utarbeidd ein plan som omfattar ein samla kompetanseutviklingsstrategi for heile perioden 2005-2008, og ein tiltaksdel for det enkelte budsjettår.

I tråd med dei føresetnadane som er vist til ovanfor, vart planen tatt opp til første rullering våren 2006, med forslag til tiltaksdel for skuleåret 2006/2007.

## **Rulleringsprosessen 2008**

Arbeidet med rullering av kompetanseutviklingsplanen i 2008 har blitt gjennomført etter same opplegg som tidlegare år. Prosessen starta opp med ei ny kompetansekartlegging ved skulane, der skulane vart utfordra på å kome med forslag til konkrete tiltak i tiltaksplan for skuleåret 2008/2009.

Det vart presisert overfor skulane at dei tillitsvalde skulle takast med i arbeidet ved den enkelte skule. Personalet har blitt involvert på ulike måtar på skulane, til dømes ved at heile personalet har blitt involvert i felles drøftingar, eller den tillitsvalde har underteikna høyringsuttalen saman med rektor.

Rulleringsarbeidet har også vore sak i medråderettsmøte med den hovudtillitsvalde i kommunen, både før kompetansekartlegginga starta opp og før planen vart lagt fram til politisk behandling.

Kompetansebehov som kom fram i kartleggingsrunden 2008 er grunnlaget for tiltaksplanen for skuleåret 2008/2009.